



Vinnarbussen, Scania 110, i årsklassen 1970 - 74.

Leif Jarle Bergstø og Lars Wang frå Uskedalen er to av mange bussentusiaster med interesse for veteranbussar. Veteranbusslaget har nyleg vore på veterantreff i Hønefoss og kom heim med premie for den beste bussen i årsklassen 1970 - 1974. På samlinga i Ulsteinvik i fjor vann dei beste prisen for bussen med merke Volvo 615 frå 1964.

Lars Wang fortel til Uskedalen.no at bussentusiastene hadde ein flott tur til Hønefoss. Snø på Hardangervidda og lysproblem på den eine bussen er ikkje noko problem så lenge ein har med dugande sjåførar og mekanikarar.

Med på turen til Hønefoss var Thor Arne Nygård, Leif Jarle Bergstø, Jan Hellås, Arne Magnar Monsen og Lars Wang. Med på desse turane er også Bjarne Hauge, Odd Hauge, Bjørn Utne og Jan Guddal. Odd Hauge frå Dimmelsvik, bur på Bømlo, stiller med eigen buss. Bjarne Hauge sit på med syskenbarnet sitt.



Bussane frå Kvinnherad og Norheimsund på veterantreff i Hønefoss.

I vinterhalvåret vert det jobba buss. På sommaren er ein ute og syner fram bussane og tek oppdrag i samband

med arrangement, til dømes skal ein vera med på Tysnesfest i helga.

Vinnarbussen har skiltet SN 53881. Det er ein Scania 110 som gjekk i rute like fram til 1985. Alt er originalt på bussen. Ein annan buss, Volvo 615 frå 1964, vann bestepreisen i Ulsteinvik i fjor. No er det karantenetid på denne bussen i fem år og kan såleis ikkje ta fleire premiar. Den tredje bussen, R-7001, høyrer til Norheimsund, men er ein del av eit felles veteranlag.

Ein av desse bussane, Volvo 615, har veteranlaget brukt 10 på år fram til ferdig restaurering.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Lars Wang/Grenda



To av bussentusiastane frå Kvinnherad. Lars Wang og Thor Arne Nygård. (Arkivfoto - Grenda).